



Kviteseid kommune – Nissedal kommune
Interkommunalt Landbrukskontor



Landbruks- og matdepartementet

Melding om vedtak

Dykkar ref:

Vår ref:
-13

Saksbeh:
Peter Rieber-Mohn,
peter.riber-
mohn@kviteseid.kommune.no

Arkivkode:
V00

Dato:
24.11.2014

Særutskrift: Høring - Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket.

Her følger særutskrift av Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift si sak nr. 52/14.

Rett utskrift

Peter Rieber-Mohn
landbruksrådgjevar



Kviteseid kommune

Arkiv: V00
 Saksmappe: 2014/157-7
 Sakshand.: Peter Rieber-Mohn
 Dato: 10.11.2014

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift	52/14	18.11.2014

Høring - Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket.

Vedlegg:

- 1 Utkast til ny forskrift.

Faktiske tilhøve:

Høringsfristen er 28. november 2014.

Om bakgrunnen for høringa seier høringsbrevet at det er dei to siste jordbruksoppgjera som gjer det nødvendig å endre forskrifta 28. januar 2009 om midlane til bygdeutvikling (BU-midlane). Maksimal prosentsats for tilskot til investeringar i produksjonsanlegg er heva og maksimal grense for tilskot til dette føremålet er oppheva på nasjonalt nivå. Ordningane med sentrale BU-midlar og praktikantordninga er avvikla. Det er også foreslått enkelte andre endringar for å gjere forskrifta tydelegare og meir presis. Landbruks- og matdepartementet føreslår å erstatte gjeldande forskrift med ein ny forskrift pga av dei strukturelle endringane sjølv om forslaget ikkje inneheld store materielle endringar.

Om økonomiske og administrative konsekvensar seier høringsbrevet at forslaget ikkje fører til økte utgifter og at det heller ikkje fører til administrative konsekvensar.

Vurdering:

Vi legg forslaget til ny forskrift fram til orientering om ordningane som finst og om dei vedtatte endringane. Vi ser ikkje nokon grunn til å kommentere forslaget og føreslår å ta det til etterretning.

Rådmannen si tilråding:

Kviteseid kommune tek forslaget til forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket til etterretning.

Saksprotokoll i Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift - 18.11.2014

Behandling i møtet:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kviteseid kommune tek forslaget til forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket til etterretning.